

*Ordførarar og kommunedirektørar
i NGIR sine eigarkommunar*

Oppnemning av medlemmer til NGIR sitt representantskap

Representantskapet er NGIR sitt øvste styrande organ, og eigarkommunane utøver sitt mynde i selskapet gjennom dei medlemmene dei vel til representantskapet.

Kommunestyret avgjer sjølv om kommunen sine representantar skal veljast ved forholdsval, avtaleval eller fleirtalsval.

Minst halvparten av medlemmene og varamedlemmene frå kvar kommune skal vera medlem i kommunestyret. Dagleg leiar i NGIR og medlemmer i NGIR sitt styre kan ikkje vera medlem i representantskapet.

Medlemmene i representantskapet vert valde for 4 år, i samsvar med kommunestyreperioden. Kommunestyret kan gjennomføra nyval i valperioden. I så fall gjeld nyalet for resten av valperioden.

Kommunestyret kan instruera sine representantar i konkrete saker som skal handsamast i NGIR sitt representantskap.

Representantskapet skal sjå til at NGIR vert drive etter føremålet sitt, og i samsvar med lover, selskapsavtale og andre vedtak og retningslinjer som er fastlagde av eigarkommunane. Representantskapet skal m.a. vedta selskapet sin økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning, og velja medlemmer og varamedlemmer til NGIR sitt styre. Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

I NGIR sin selskapsavtale står det at representantskapet i NGIR skal ha *sju medlemmer frå Alver og to medlemmer frå kvar av dei andre eigarkommunane*. Opphavleg hadde kvar eigarkommune to medlemmer, medan Lindås – som største kommune, og vertskommune – hadde tre medlemmer. Ved kommunesamanslåinga i 2020 var det semje om at Alver skulle ha det same tal representantskapsmedlemmer som kommunane Lindås, Meland og Radøy til saman hadde før samanslåinga – altså sju.

I tillegg til faste medlemmer, skal det oppnemnast varamedlemmer. Tidlegare har det hjå NGIR vore oppnemnt ein varamedlem meir enn faste medlemmer, med varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje. Etter endringar i IKS-lova (som tredde i kraft 01.07.23), er det no eit krav at det skal oppnemnast *minst to varamedlemmer for kvar faste medlem i representantskapet* (personlege varamedlemmer). Bakgrunnen for dette lovkravet er at det i interkommunale selskap har vore mest vanleg at varamedlemmene har vore personlege, og at det ofte berre har vore oppnemnt ein vara for kvar faste medlem. Då har det i mange høve i praksis vore eit problem å skaffa vara som kan stilla ved forfall.

NGIR har vore i kontakt med Samfunnsbedriftene (som har vore i dialog med departementet) for å få avklart om NGIR kan halda fram med den praksisen me har hatt for oppnemning av varamedlemmer, men har fått til svar at lovteksten som no er vedteke er tydeleg på at det skal oppnemnast minst to varamedlemmer per faste medlem (altså personlege varamedlemmer). For Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund vil ikkje endringa vera så stor. Dei må no velja to (personlege) varamedlemmer *for kvar* av dei to faste medlemmene til NGIR sitt representantskap, mot tidlegare å velja ei gruppe på tre varamedlemmer (i prioritert rekkefølge). Når det frå Alver skal oppnemnast to (personlege) varamedlemmer *for kvar faste medlem*, vert endringa større. Dei må då velja til saman 14 varamedlemmer, mot tidlegare åtte. Samfunnsbedriftene (og departementet) seier at dei forstår at dette kan synast lite tenleg, men peiker på at utgangspunktet for lovarbeidet har vore at det i interkommunale selskap er meir vanleg å spegla ulik storleik blant eigarkommunane via ulik stemmevekt, framfor via ulikt tal medlemmer i representantskapet. Viss eigarane hjå NGIR ynskjer å gå over til ein slik modell, er det noko me kan sjå på i neste omgang.

Me ber om at kommunane så snart som mogleg oppnemner sine medlemmer og varamedlemmer til NGIR sitt representantskap for perioden 2023-2027, og at NGIR får melding om kven som er valde (med namn, postadresse, e-postadresse og tlf.nr.), slik at me kan kalla inn til konstituerande møte (i byrjinga av 2024).

Me vil i tillegg nytta dette høvet til å nemna at den administrative leiinga i NGIR vil ta kontakt med alle eigarkommunane i NGIR i løpet av våren 2024, for å avtala evt. deltaking i kommunestyremøte, der me kan orientera om NGIR, svara på spørsmål, og lytta til tilbakemeldingar og innspel frå eigarane våre.

Me vil og minna om at både politikarar og tilsette i eigarkommunane alltid er velkomne til å ta kontakt med oss viss de har spørsmål, ynskjer eit møte, og/eller å sjå nærare på drifta vår i Kjevikdalen. Me får mange tilbakemeldingar frå besøkande som har vore på omvising hjå oss om at det er interessant å sjå kva som skjer med avfallet etter at det er samla inn, og at verksemda til NGIR er langt meir omfattande enn det dei har trudd på førehand.

Kjevikdalen, 05.10.2023


Bjørn Berg
Dagleg leiar